

STYREPROTOKOLL

Tysdag **3. april 2018** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.00
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo, Simon Næsse og Siv Bente Stople Østbø
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent (utsending pr. e-post 22.03.18)
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 6/18 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 22.02.18

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 22.02.18 blir godkjent.

Styrehandsaming 03.04.18:
Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 03.04.18:

Protokoll frå styremøte 22.02.18 blir godkjent.

SAK 7/18 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.02.18

7. Forslag til ny kommunelov lagt fram 16. mars – NOU 2016 nr 4
8. KS om rapport » Like konkurransevilkår for offentlige og private aktørar»
9. Ny personopplysningslov kan bli forsinka iflg. KS
10. NKRF - forslag til veileder for kontrollutvalgssekretariata til høyring
11. FKT – forslag til veileder for kontrollutvalssekretariata
12. Innkalling til representantskapsmøte i IKA Rogaland IKS – 18.04.18
13. Utkast til innkalling til representantskapsmøte i HKS IKS – 23.04.18

Styrehandsaming 03.04.18:
Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Elles ikkje nokon spesielle merknader.

Samrøystes vedtak 03.04.18:

Styret tar referatsakene 7 - 13 til orientering.

SAK 8/18 – STATUSOVERSIKT PR. MARS 2018

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. mars 2018 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 03.04.18:

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planar. Økonomirapport pr. 03.04.18 blei delt ut. Styret hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak 03.04.18:

Statusoversikt pr. mars 2018 blir tatt til orientering.

SAK 9/18 – GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG SEKRETARIATET SI ÅRSMELDING 2017

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2017 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Styrehandsaming 03.04.18:

Årsmeldinga blei vedtatt slik den no låg føre med tillegget frå sist møte. Saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 03.04.18 og innstilling til representantskapet:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2017 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

SAK 10/18 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2017

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Årsrekneskapen for 2017 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 31.198. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

Styrehandsaming 03.04.18:

Styreleiar gjorde merksam på at i saksframlegget var omsetnadstala ikkje blitt retta til dei for 2017. Det var levert rein revisjonsmelding, men revisor gjorde merksam på ein skrivefeil i balansen som burde rettast før oversending til Brønnøysundregisteret. Styret skreiv under ny retta utgåve av rekneskapen. Saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 03.04.18 og innstilling til representantskapet:

Årsrekneskapen for 2017 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 31.198.

Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

SAK 11/18 – BUDSJETT 2019 – BUDSJETTFORESETNADER OG RAMMER**Dagleg leiar si innstilling:**

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2019 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2019 med følgjande rammer:

Inntekter 2019		Utgifter 2019	
Tilskot	2 077 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 777 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	300 000
Inntekter totalt	2 077 000	Utgifter totalt	2 077 000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2019 følgjande:

Karmøy kommune	375 000
Haugesund kommune	375 000
Tysvær kommune	198 000
Vindafjord kommune	198 000
Sveio kommune	177 000
Sauda kommune	177 000
Etna kommune	177 000
Suldal kommune	177 000
Bokn kommune	115 000
Utsira kommune	106 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

Styrehandsaming 03.04.18:

Dagleg leiar orienterte om framlegget, som er basert på tidlegare økonomiplan, kor det er lagt inn ei auke på 3 %. Representantskapet sitt vedtak vil vere bindande for kommunane. Styremedlem gjorde merksam på at det hadde sneke seg inn ein null for mykje i vedlegget, øvst på side 2. Styret meinte framlegget var nøkternt og ryddig og slutta seg til innstillinga. Saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 03.04.18 og innstilling til representantskapet:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2019 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2019 med følgjande rammer:

Inntekter 2019		Utgifter 2019	
Tilskot	2 077 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 777 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	300 000
Inntekter totalt	2 077 000	Utgifter totalt	2 077 000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2019 følgjande:

Karmøy kommune	375 000
Haugesund kommune	375 000
Tysvær kommune	198 000
Vindafjord kommune	198 000
Sveio kommune	177 000
Sauda kommune	177 000
Etne kommune	177 000
Suldal kommune	177 000
Bokn kommune	115 000
Utsira kommune	106 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakar-kommunane ikkje blir auka.

SAK 12/18 – ØKONOMIPLAN 2019 - 2022**Dagleg leiar si innstilling:**

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2019-2022:

	2019	2020	2021	2022
Inntekter:				
Tilskot	2 077 000	2 139 000	2 203 000	2 269 000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2 077 000	2 139 000	2 203 000	2 269 000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1 777 000	1 830 000	1 885 000	1 942 000
Driftsutgifter	300 000	309 000	318 000	327 000
Totalt	2 077 000	2 139 000	2 203 000	2 269 000
Resultat	0	0	0	0

Styrehandsaming 03.04.18:

Dagleg leiar orienterte om framlegget. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 03.04.18 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2019-2022:

	2019	2020	2021	2022
Inntekter:				
Tilskot	2 077 000	2 139 000	2 203 000	2 269 000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2 077 000	2 139 000	2 203 000	2 269 000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1 777 000	1 830 000	1 885 000	1 942 000
Driftsutgifter	300 000	309 000	318 000	327 000
Totalt	2 077 000	2 139 000	2 203 000	2 269 000
Resultat	0	0	0	0

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

I følgje ny møteplan er neste styremøte sett til **tysdag 18. september.**

Aksdal, 3. april 2018

Astri Furumo (sign.)
Styrelar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar